
Saksnr: 2020/43973-5
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 25.09.2020

Oversending til kontrollutvalet om status oppfølging av vedtekne verbalforslag i fylkestinget i PS 14/2019 - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.09.2020 knytt til oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak for 2020.

Vedlagt følgjer status for oppfølging av verbalpunkta. Meldinga vart og lagt fram som RS-sak i fylkesutvalet 29.09.20 og deretter i fylkestinget.

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune hadde praksis for å leggje fram slik status halvårleg. Dette vert no innarbeidd i ein ny skriftleg rutine for Vestland fylkeskommune. Som følge av den ekstraordinære arbeidssituasjonen i 1. halvår 2020, vart diverre ikkje dette følgt opp i samband med fylkestinget i juni i år.

Fylkesrådmannen vil presisere at det er etablert gode rutinar for oppfølging av politiske vedtak i fylkesadministrasjonen, som sjølv sagt arbeider lojalt for å følgje opp desse så raskt som mogleg.

I samband med budsjettet for 2020 var det totalt 40 ulike verbalpunkt, der fleire krev omfattande saksutgreiing. Omsynet til forsvarleg sakshandsaming og den samla ressursituasjonen i administrasjonen tilseier at oppfølginga av desse vil måtte ta noko tid. Fylkesrådmannen ber om forståing for dette.

Vedlegg

- 1 Oversikt status oppfølging av vedtekne verbalforslag i fylkestinget i PS 14/2019 - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023